



Møteprotokoll

Planutvalg

Møtested:	Kommunestyresalen, 3.etg. Rådhuset
Møtedato:	13.06.2012
Tidspunkt:	14:00 - 15:30

Til behandling: **Saksliste nr. 047/12 - 058/12**

Medlemmer:

- H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
- AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
- BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
- FRP - Hogne Bleie (Medlem)
- V - Marit Sætren (Medlem)
- KRF - Dag Almenning (Medlem)
- V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
- H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Varamedlemmer:

- SP - Reiel Fagerlid (Varamedlem)

Forfall:

- SP - Asgeir Solheim (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 8. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: rådmann Svanhild Mosebakken, kommunalsjef Tone Holvik, kommunalsjef Jeanette Jensen, økonomisjef Norvall Bakke, plankonsulent Janne Midtbø, planlegger Arne Åsebø og tjenesteleder Helge Hjelle.

Måløy 13. juni 2012

Morten A. Hagen
ordfører

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
047/12	Godkjenning av møteprotokoll	
048/12	Referatsaker	
049/12	Drøftingssak	
050/12	Tiltak gbnr. 138/238 – Garasje	
051/12	Tiltak gbnr. 139/12 - Kai på Risøy	
052/12	Planprogram kort ferjekryssing ytre Nordfjord - fastsetjing	
053/12	Mindre endring av friareal til bustadføremaal for gbnr. 115/190 - innstilling til vedtak	
054/12	Forslag til planstrategi for Eid kommune 2012 - 2016: Uttale frå Vågsøy kommune	
055/12	Lokal registrering av Kulturminner	
056/12	Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024	
057/12	Utbyggingsavtale - vedtak om bruk, og kommunale retningslinjer	
058/12	Tiltak bnr. 113/52 og gbnr. 113/54 - Skatepark under Måløybrua	

Skilting

H v/repr. Rolf Domstein etterlyste skiltplan generelt i Vågsøy kommune, ikke minst for parkering i sentrum, snarveier og gatene i Måløy. For de besøkende kan det være vanskelig å orientere seg og finne frem.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	047/12

Endelig vedtak i:
Planutvalg

Arkivsaknr.:
12/830

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

PU-047/12

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 22.05.2012 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	048/12

Endelig vedtak i:
Planutvalg

Arkivsaknr.:
12/829

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-048/12

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/5403	U 09.05.2012	Referatsaker - Planutvalget 13.06.2012	Referatsaker - Utvalg for Plansaker 13.06.2012



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	049/12

Endelig vedtak i:
Planutvalg

Arkivsaknr.:
12/831

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Drøftingssak

13.06.2012 Planutvalg Møtebehandling:

1. Avgiftparkering i Måløy

KrF v/repr. Dag Almanning mente det var forvirring i forhold til de forskjellige gebyr- og parkeringsreglene i sentrum. Dette kunne løses ved å skilte bedre og ha en smidigere parkeringsordning. Nye parkeringsautomater for betaling etterskuddsvis ville være en forbedring for de besøkende i sentrum.

FrP v/repr. Hogne Bleie mente parkeringsselskapet fungerte bra og var et godt alternativ i sentrum i dag. Parkeringsanlegget var moderne da det kom i gang, og parkering i dag var billig. Siden det var planer om utvikling av parkeringsanlegget var det å legge ned kanskje ikke veien å gå. Det ble komplekst å si at parkeringsselskapet skulle opphøre. Lørdagsfri parkering var noe å tenke på.

V v/repr. Marit Sætren sa Venstre ikke hadde konkludert ennå. Man måtte se på hva man eventuelt ville få dersom parkeringsselskapet ikke skulle være der. Man burde også finne en ordning for vedlikehold også. Mente man burde lage til en høringsrunde.

H v/repr. Rolf Domstein orienterte at Høyre skulle diskutere denne saken og ikke hadde tatt noen stilling til dette ennå. Da parkeringsselskapet ble etablert var der kaotiske forhold i sentrum. Situasjonen er annerledes i dag. Vågsøy Parkering hadde fått utbygd mange parkeringsplasser. Vågsøy Parkering hadde fått orden på parkeringen i sentrum, fra kommunens side fungerte ting greit. Har òg en næringspolitisk side. Vågsøy Parkering har gjeld per i dag, dette blir eventuell gjeld kommunen må overta. Med tanke på dette blir det en økonomisk usikkerhet.

SP v/repr. Reiel Fagerlid informerte at de ikke hadde konkludert enda. Gjelden Vågsøy Parkering har er håndterlig for kommunen. Største irritasjonen for de handlende er bøtene, ikke på den vanlige betalinga for parkeringa.

AP v/repr. Kristin Maurstad opplyste at Arbeiderpartiet ikke hadde diskutert ennå, men mente at Vågsøy Parkering bidro med mye positivt for Måløy. En eventuell lørdagsfri parkering ville kanskje hjelpe. Modernisering av parkeringsautomatene ville være positivt. Repr. Maurstad ønsket debatten velkommen.

Ordfører Morten A. Hagen informerte at handelsnæringa på et eller annet vis måtte komme inn å bidra dersom en ikke skulle ha avgiftsparkering. Parkeringselskap eller ikke; feilparkering må det reageres på. Ordfører Hagen var enig i at skiltinga kunne skape forvirring. Dette kunne gjøres noe med på kort sikt.

V v/repr. Edvard Iversen mente ordningen i dag var billig, men at et bedre handelsmiljø måtte komme. Repr. Iversen var tilhenger av Vågsøy Parkering, men at det var nødvendig med oppgradering.

Tjenesteleder Helge Hjelle informerte til slutt at Vågsøy Parkering ikke disponerte private plasser, men at de hadde både kommunale og statlige plasser. Vågsøy Parkering vedlikeholdt også selv om kommunen eide grunnen.

2. To alternative trasear for ny 22 kV-line på Bryggja

Bryggjalista v/repr. Einar Midtbø stilte spørsmål om egen habilitet i denne drøftingssaken. Planutvalget ba om utredning om repr. Midtbø sitt forhold til SFE. Repr. Midtbø informerte at han ikke hadde noen ledende stilling i SFE som inneholdt personalansvar. Midtbø hadde ingen økonomisk vinning i denne saken og var ikke i slekt med noen av grunneierne. Repr. Midtbø fratradte under diskusjon om habilitet eller ikke.

Planutvalget diskuterte og voterte over habilitetsspørsmålet. Repr. Einar Midtbø ble enstemmig erklært habil i denne drøftingssaken. Repr. Midtbø tiltrådte møtet igjen.

Bryggjalista v/repr. Einar Midtbø mente de 2 alternativene til traseløsninger hadde vært omstridt blant grunneierne. De største grunneierne hadde gitt grønt lys til at et 3. alternativ ble vurdert. Grunneierne selv foreslo dette alternativet som ville ha en ca traselengd på 700 meter:

”Kabeltrase nord om bebyggelse i Brobakke over blant annet Terje Brobakke sin innmark, videre over Arild Solibakke sin innmark og ned mot aktuell nettstasjons plassering.”

SP v/repr. Reiel Fagerlid kommenterte at det var viktig å finne en løsning som grunneierne var tjent med. En burde oppfordre SFE til å legge trasèen videre på Bryggja gjennom allerede nedgravde rør som lå der.

Konklusjon:

Planutvalget ble enige om at man burde si noe om de 2 forslagene som allerede lå som alternativ, samtidig be om at det 3. alternativet, innspillet fra grunneierne, ble tatt med videre i saksbehandlingen.

Administrasjonen tar dette med som et innspill til SFE.

Votering

Ingen votering.

PU-049/12

Vedtak:

Ingen vedtak.

1. Avgiftsparkering i Måløy

Brev fra Måløy Handelsforening ligger vedlagt.

2. Drøftingsak - to alternative trasèar for ny 22 kV-line på Bryggja.

Notat følger vedlagt.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	050/12

Endelig vedtak i:
Planutvalg

Arkivsaknr.:
12/369

Saksansvarlig:
Helge Berentzen Hjelle

Tiltak gbnr. 138/238 - Garasje

Rådmannens innstilling

Vedtak i sak 25/12 opprettholdes. Klage fra Tor Harald Granheim datert den 24.05.2012 blir ikke tatt til følge.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder Helge Hjelle orienterte. Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-050/12

Vedtak:

Vedtak i sak 25/12 opprettholdes. Klage fra Tor Harald Granheim datert den 24.05.2012 blir ikke tatt til følge.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Reguleringsplan m/bestemmelser.

Bakgrunn for saken

Tor Harald Granheim klager vedtak i planutvalget sak. 25/12 til Fylkesmannen, klage datert den 24.05.2012.

Saksopplysninger / fakta

Granheim søkte om dispensasjon fra byggelinjeavstanden til fylkesvei i Holvik for oppføring av ny garasje på gbnr. 138/238.

Etter at saken om dispensasjon var behandlet av vegvesenet ble saken behandlet i planutvalget den 25.04.2012 som sak. 025/12.

Det ble da gjort følgende vedtak.

Planutvalget gir ikke dispensasjon for plassering av garasje 8 meter fra fylkesvei på gbnr.138/238 som om søkt den 09.02.12. Planutvalget gir derimot dispensasjon og tillatelse til bygging av garasje på gbnr: 138/238 med en byggelinjeavstand på 15 meter fra fylkesveien, dette i samsvar med vedtatt byggelinjeavstand for denne fylkesveien, vedtatt i hovedutvalg for samferdsel i fylkeskommunen den 24.02.2010.

I klagen vises det til tidligere bygging og fremtidige byggeplaner som ligger nærmere fylkesvei en den garasjen som ligger på hans eiendom og som han ønsker å erstatt med ny garasje. Klagen følger vedlagt.

Vurdering / konsekvenser

Klageren viser i sin klage til tidligere bygging og fremtidige byggeplaner som ligger nærmere fylkesvei en den garasjen som ligger på hans eiendom og som han ønsket erstattet med ny garasje. Det kommer ikke frem nye moment i klagen som tilsier at en bør gjøre om tidligere vedtak, et vedtak som ble gjort på med bakgrunn i vegvesenets klare anbefaling om ikke å gi dispensasjon. En viser til behandling og redegjørelse i sak 25/12.

En anbefaler at vedtak i sak 25/12 blir opprettholdt.

I

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
83826	Tegninger
83825	Situasjonsplan
83822	Kopi av brev fra Statens vegvesen om dispensasjon fra bygggrense gbnr. 138/238 09.02.2012
83823	Søknad om dispensasjon fra bygggrense til fylkesvei 621av 09.01.2012
89857	Klage på vedtak i byggesak på 138/238
85471	Tiltak gbnr. 138/238 - Garasje



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	051/12

Endelig vedtak i:
Planutvalget

Arkivsaknr.:
12/562

Saksansvarlig:
Helge Berentzen Hjelle

Tiltak gbnr. 139/12 - Kai på Risøy

Rådmannens innstilling

Planutvalget opprettholder sitt vedtak i sak 14/12. Klage fra Jonni Risøy mottatt den 02.04.2012 taes ikke til følge.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder Helge Hjelle og ordfører Morten A. Hagen informerte.

KrF v/repr. Dag Almenning, Bryggjalista v/repr. Einar Midtbø og FrP v/repr. Hogne Bleie kom med følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

”Planutvalget vil påpeike at kaien er oppført uten tillatelse frå kommunen. Ein vil likevel ikkje kreve at den ulovleg oppførte kaia skal rivast. Skulle kaia i framtida hindre offentlig ferdsel må grunneigaren være forberedt på å måtte fjerne kaia.”

Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og endringsforslaget fra KrF, Bryggjalista og FrP. Endringsforslaget fra KrF, Bryggjalista og FrP ble vedtatt mot 4 stemmer.

PU-051/12

Vedtak:

Planutvalget vil påpeike at kaien er oppført uten tillatelse frå kommunen. Ein vil likevel ikkje kreve at den ulovleg oppførte kaia skal rivast. Skulle kaia i framtida hindre offentlig ferdsel må grunneigaren være forberedt på å måtte fjerne kaia

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Komuneplan /Arealdelen / Reguleringsplan

Bakgrunn for saken

Jonny Risøy klager vedtak i sak. 014/12 tilfylkesmannen, klage mottatt den 02.04.12.

Saksopplysninger / fakta

Planutvalget behandlet dispensasjon fra Jonny Risøy for oppføring av kai på Risøy i tilknytning til Hytte på gbnr: 139/14.

Planutvalget gjorde følgende vedtak ved behandlingen den 29.02.2012.

Bryggjalista og FRP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende forslag:

"Det gis tillatelse til å oppføre den omsøkte kaien på Risøy i Vågsøy kommune i henhold til innsendt søknad og tegninger, datert 28. desember 2011. Tiltaket må oppføres i henhold til kart og skisser vedlagt søknad, og på følgende vilkår:

1. Kaien må sikres og dimensjoneres på en slik måte at den kan stå i mot kraftig vind og sjø. Likeledes må kaiskjørt og kaidekke festes til kaikonstruksjonen ved hjelp av gjennomgående bolter.
2. Kaidekket må anbringes i en høyde på minst sjøkartnull + 2,20 meter, og kaikant skal sikres med kaifrontlist.
3. Et hvert ansvarsforhold og eventuelle erstatningskrav som følge av tiltaket påhviler søkeren. Dette vilkår er satt for at kommunen ikke skal bli ansvarlig for tiltak der nytten ligger hos andre.
4. Når utbyggingen er ferdigstilt, skal Norges Kartverk, avd. sjø, Postboks 60, 4001 Stavanger tilskrives - vedlagt kopi av sjøkartet - der anlegget er nøyaktig inntegnet med riktig posisjon. Dette med omsyn til sjøkartets ajourhold og kunngjøring "Etterretning for Sjøfarende."

Votering

Ved alternativ votering over rådmannens innstilling og forslaget fra Bryggjalista og FRP, ble rådmannens innstilling vedtatt med 7 stemmer mot 2 stemmer avgitt for forslaget fra Bryggjalista og FRP.

PU-014/12

Vedtak:

Planutvalget gir ikke dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan for plassering av kai i LNF-område/Friområde og i 100 meters beltet for oppføring av omsøkt kai tilknyttet gbnr 139/14, som omsøkt av Jonni Risøy den 22.10.11.

Oppført kai er i strid mot gjeldende reguleringsplan for området, og skal derfor rives, friområde (F 1) skal tilbakeføres sitt opprinnelige utseende innen 01.01.13

Kai i tilknytning til hytten skal oppføres som felles kai i samsvar med godkjent reguleringsplan.

I klagen peker Risøy på at en felles kai og opparbeiding av vei vil koste kr.600000,-. Videre er det så langgrunnt der den andre kaien var planlagt at en må langt ut i sjøen for å få tilflott.

Klagen fra Risøy følger vedtagt.

Vurdering / konsekvenser

En viser til vurdering av saken under behandlingen den 29.02.12.

Det er også bygget en tilsvarende kai på den østre siden av Risøy, denne kaien er også oppført i tilknytning til hyttebygg på øya. Denne kaien ligger i det området som er vist kai plassering på reguleringsplanen. Denne kaien bør en kunne nytte som felles kai for hyttene i dette området.

Noe som er fullt mulig ved noe opprusting av kaien.

En vis form for gangsti mellom hyttene er det i dag, en gangsti som også kan nyttes til kaien. Hvor mye en skal legge ned i en opparbeiding av gangvei, bredde og kvalitet, må bli opp til brukerne.

Miljøavdelingen går sterkt i mot opparbeiding av kaien til Jonni Risøy.

En kan ikke se at det er kommet frem argumenter som skulle tilsi at en skal gjøre om på vedtaket som er fattet.

En anbefaler at vedtaket fra sak 14/12 blir opprettholdt.

Vedlegg:

Dok.nr

Tittel på vedlegg

86364	Klage på vedtak i Planutvalget vedr. kai gbnr. 139/12
75442	Søknad om tiltak uten ansvarsrett gbnr. 139/14 - Kai
79550	Kart
79551	Tegninger av kai
82488	Anmodning om søknad for kai på Risøy - gbnr. 139/12 og 13
75443	Søknad om dispensasjon for bygging av kai gbnr. 139/14



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	052/12
Kommunestyre	20.06.2012	

Endeleg vedtak i:
Kommunestyret

Arkivsaknr.:
10/545

Saksansvarleg:
Arne Osvald Åsebø

Planprogram kort ferjekryssing ytre Nordfjord - fastsetjing

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret vedtar, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 4-1 andre ledd, vedlagte *Planprogram Kommunedelplan for ytre fjordkryssing Nordfjorde*, datert 14.03.2012, med dei endringane som er skildra under "Kommunal vurdering" av dei einskilde merknadane/innspele.

Innspele til sjølve planarbeidet vert teke med vidare i planprosessen.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Planlegger Arne Åsebø orienterte.

Planutvalget diskuterte saken. Et samla Planutvalg fremmet følgende punkt inn som punkt 5 "Vurderte alternativ", side 26 i Planprogram høringsutkast :

- "Alternativ 2-b, Almenningsfjellet vest – Biskjelneset, variant lang tunnel. Alternativet må illustrerast på kartet side 29 og skildrast på line med dei andre trasèane".

Votering

Planutvalget voterte først om nytt punkt 5. Dette ble enstemmig vedtatt.

Planutvalget voterte deretter samla over rådmannens innstilling i tillegg nytt pkt. 5 i høringsutkastet i Planprogrammet. Dette ble enstemmig vedtatt.

PU-052/12

Vedtak:

Kommunestyret vedtar, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 4-1 andre ledd, vedlagte *Planprogram Kommunedelplan for ytre fjordkryssing Nordfjorden*, datert 14.03.2012, med dei endringane som er skildra under "Kommunal vurdering" av dei einskilde merknadane/innspele.

Innspele til sjølve planarbeidet vert teke med vidare i planprosessen.

Kommunestyret vedtar også at det skal utgreiast eit femte alternativ for vegtrasè, og det må difor leggjast til eit nytt punkt 6.2.5 i planprogrammet:

- o Alternativ 2 – b, Almenningfjellet vest – Biskjelneset, variant lang tunnel.

Alternativet må illustrerast på kartet side 29 og skildrast på line med dei andre trasèane.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008.
Kommuneplan for Vågsøy kommune 2002-2014.
Forskrift om konsekvensutredninger (2009)

Bakgrunn for saka

Bremanger kommune vedtok 23. mars 2010, i sak 057/10, planoppstart for kommunedelplan, evt. reguleringsplan for kort ferjekryssing Nordfjorden, med tilførselsveg.

I same vedtaket vart det vedteke å ta opp med Vågsøy kommune om mulighet for tilsvarende vedtak om planoppstart. Dette vart diskutert i møtet mellom Bremanger og Vågsøy kommune 25. mars 2010, der også Alfred Bjørlo og Bjørgulf Myklebust var til stades.

Planutvalet gjorde i møte 21.04.2010 følgjande vedtak (PU-026/10):
Planutvalget vedtar oppstart av kommunedelplan/reguleringsplan for kort ferjekryssing ytre Nordfjord, for den delen som ligg i Vågsøy kommune.

Planutvalet gjorde i PU-sak 020/12 den 28.03.2012, parallelt med Bremanger kommune, følgjande vedtak:

Planutvalet vedtar, med heimel i § 12-2 i Plan- og bygningslova (2008), planoppstart for Kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden, og vedtar samstundes, med heimel i § 4-1 i Plan- og bygningslova (2008), offentlig ettersyn av vedlagte Planprogram Kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden, datert 14.03.12.

Kommunedelplanen for vegsambandet utløyser krav om konsekvensutgreiing etter reglane i forskrift om konsekvensutgreiing til plan- og bygningslova. I samsvar med § 6 i forskrifta skal det utarbeidast og fastsettast planprogram for kommunedelplanar. Vedteke planprogrammet skal deretter leggjast til grunn ved utarbeiding av framlegg til kommunedelplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing.

Føremålet med planprogrammet er å avklare aktuelle vegalternativ (spesielt i Vågsøy kommune) og behovet for utgreiingar av konsekvensar for dei ulike alternativa. Alternativ for nytt ferjesamband til Husevågøy, og konsekvensar ved endring, skal inngå.

Sjå elles punkt 1.1 side 7 i vedlagte planprogram.

Hovudpunkt i planprogrammet for Vågsøy kommune:

Val av vegtrasè frå rv 15 til ny fergekai, val av fergekailokalisering, samt val av ny løysing for ferjesambandet til Husevåg. Sjå vedlagte planprogram side 10.

Planprogrammet skal i tillegg informere om føremålet med planarbeidet og bidra til å sikre allmenn medverknad. Det skal leggjast ut til høyring og offentlig ettersyn i minst 6 veker. På bakgrunn av innspel i høyringsperioden skal kommunane no fastsette endeleg planprogram.

Seinare framlegg til kommunedelplan med konsekvensutgreiing skal så utarbeidast i samsvar med det fastsette planprogrammet. Også framlegget til kommunedelplan skal leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Den endelege kommunedelplanen skal vedtakast av dei to kommunestyra på bakgrunn av mottekne uttalar og eventuelle endringar som følgje av dei.

Organisering av planarbeidet og medverknad:

Sjå vedlagte planprogram side 13.

Framdrift

Planprogrammet legg opp ein stram framdriftsplan, der planprogrammet skal kunne ferdighandsamast etter det offentlege ettersynet og fremjast for kommunestyret for fastsetjing i møte den 20. juni 2012. Alle innspel går til kommunene, men AsplanViak vil svare på spørsmål knytta til det faglege/tekniske. Det er også lagt opp til at det er dei som også lagar utkast til innstilling når planprogrammet skal fremjast for fastsetjing.

Sjå elles tabell i vedlagte planprogram side 14.

Finansiering:

Fylkeskommunen har sett av ein million kroner i planleggingsmidlar for henholdsvis 2012 og 2013 til dette arbeidet. Dette skal dekke heile planprosessen, inkludert utarbeiding av kommunedelplan med konsekvensutgreiing, samt naudsynte fagrapportar. Midlane går via Bremanger kommune.

Saksopplysningar / fakta

Nedanfor er dei innspel/merknadar som er komne inn etter varsel om oppstart og offentleg ettersyn av tilhøyrande planprogram. Det er gjort fortløpande vurderingar av dei einskilde.

MERKNADER FRÅ OFFENTLEGE HØYRINGSPARTAR

KYSTVERKET, BREV DAGSETT 24.4.2012

- Peikar på at fjorden mellom Vågsøy og Rugsundøy er ei viktig bilei, og at arealbehovet for sjøtrafikken må takast med i kommunedelplanen
- Minner om at tiltak i sjø krev løyve etter Hamne- og farvasslova
- Peikar på at sjøtransport er viktig å belyse i planarbeidet

Kommunal vurdering:

Sjøtransport er nemnet som tema i punkt 7.6 Samfunnstryggleik. I tillegg kan det vere aktuelt å krevje konsekvensar for sjøtransport utgreidd under planprogrammets punkt 7.4 Lokal og regional utvikling. Innspela til sjølve planen vert fanga opp i planarbeidet.

NOREGS VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT, NVE. BREV DAGSETT 4.5.2012

- Rår til at tiltakshavar nyttar arealbrukskategori *Bruk og vern av sjø og vassdrag* jf. PBL § 11-7 nr. 6 til å merke vassrengar og kantsoner i planen
- Rår til at aktsemdsområde for skred og steinsprang utanfor veglinja og som er med i planen vert merka som omsynssoner i planen
- Viser til NVE sine retningsliner 2/2011 som seier korleis flaum- og skredfare skal handterast i utgreiing og arealplan

Kommunal vurdering:

Merknadene takast med i planarbeidet.

Ingen endringar i planprogrammet påkravd.

BERGEN SJØFARTSMUSEUM, MERKNAD DAGSETT 4.5.2012

- Viser til at Sjøfartsmuseet etter Kulturminnelova er uttalepart for alle tiltak som vil kunne råke sjøbotnen
- Minner om at undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 også gjeld for sjøbotn og i vassdrag
- Peikar på at særskilt for kulturminne i vatn og sjø gjeld Kulturminnelova § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom
- Innafor planområdet er registrert eitt skipsvrak (ikkje freda) og eitt vrakdumpfelt (uavklart vernestatus), i tillegg til fleire ankringsplassar nemnde i eldre losbøker frå 1800-talet
- Meiner konsekvensutgreiing med tanke på marine kulturminne bør gjerast på regulerings- eller byggeplannivå, for å avgrense omfanget praktisk og økonomisk
- Ber om at arealdisponeringar som omfattar sjøareal får føresegnar i planen som sikrar at tiltaka vert lagt fram for museet for uttale i samband med regulerings- eller byggeplan
- Ber om at planen får føresegnar som krev at alle enkelttiltak i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale, via fylkeskommunen.

Kommunal vurdering:

Vi tek til etterretning at Sjøfartsmuseet ikkje finn det nødvendig å konsekvensutgreie på kommunedelplan-nivå.

Ingen endringar i planprogrammet er påkravd.

Merknadene som gjeld føresegnar, vert teke til følge i planarbeidet.

STATENS VEGVESEN REGION VEST, VEGAVDELING SOGN OG FJORDANE. BREV DAGSETT 9.5.2012

- Har ingen merknader til varsel om oppstart eller til planprogrammet
- Viser til planprogrammet og understrekar at det er avgjerande å finne ei god løysing for kryss med fv.616 og vegføring til ferjekaien på Rugsundøy
- Reknar med at det ligg innafor planprogrammet å sjå på lengre daglinje enn det som er vist på strekninga Almenningsfjellet vest og Vemmelsvika

Kommunal vurdering:

Lengre dagline ligg innanfor planavgrensinga.

Ingen endringar i planprogrammet er påkravd.

NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE. BREV DAGSETT 13.5.2012

- Meiner ein må sjå på kor tenleg ein vestleg trase om Måløy er i forhold til Kystvegen Ålesund – Bergen
- Meiner ein må unngå unødige inngrep i tilnærma urørde område og område med store kulturminneverdiar, ikkje berre på Rugsundøy men også Vemmelsvik og Angelshaug
- Peikar på stort konfliktpotensiale med kulturminne og INON-område på Rugsundøy, og stiller spørsmål ved at Ørnavika er einaste ferjekaialternativ på sørsida av fjorden. Krev at det vert utgreidd alternativ med lågare konfliktnivå
- Er også sterkt kritisk til veg- og ferjekai-alternativa på nordsida av fjorden, og meiner einaste akseptable løysing er tunnel på det meste av strekninga frå Almenningsfjellet til nytt ferjeleie på Biskjelneset, slik at inngrepa vert konsentrert og Vemmelsvik og Angelshaug vert spart.
- Rår til at ein ser på mogleg lokalisering av ferjeleie på Rugsundøy lengre aust mot Strandaneset – Strandavika, og rett i tunnel til kryss med fv.616 nærast mogleg Skatestraumtunnelen
- Forventar at ev. overskotsmassar vert køyrt vekk, og ikkje deponert på Rugsundøy der det vil kunne øydeleggje og skjemme kulturminne og kulturlandskap
- Ber om at ein vurderer å leggje ny ferjestrekning lengre aust, der vegen på nordsida alt går nær fjorden. Peikar på Krokapollen – Elde, og Kalvneset
- Meiner lokaliseringa må sjåast si samanheng med framtidig bru, og at med bru må Husevågøy uansett behalde ferje frå Måløy. Sambandet til Husevågøy er derfor ikkje eit argument mot å leggje nytt ferjesamband lengre aust.
- Rår på det sterkaste til at ein ser på andre alternativ for fjordkryssinga enn det planprogrammet legg opp til

Kommunal vurdering:

Naturvernforbundet sine merknader gjeld to forhold; det eine er at planområdet er relativt urørt av moderne inngrep, det andre er spørsmålet om kor tenleg ein vestleg trase er for brukryssing og i eit regionalt perspektiv. Begge forholda vert brukt som argument for å leggje fjordkryssinga lengre aust.

Vi meiner planprogrammet har rom for justeringar av tunnallengder og plassering av ferjeleie og kryss på Rugsundøy, med det formål å spare kulturminne og landskap. Strandavika har i innleiande vurderingar vorte vurdert å vere mindre egna, då ho er grunnare med antatt dårlege maritime tilhøve for ferjekailokalisering og det er mindre landareal før antatt tunnelinnslag med omsyn til biloppstilling.

På nordsida av fjorden er det vurdert å ikkje ta inn eit alternativ som knyt seg til rv.15 aust for Almenningsfjellet. Dette fordi bakgrunnen for arbeidet med denne kommunedelplanen i hovudsak handlar om 45-minuttsregionen, og det å knyte Florø, Svelgen og Måløy tettast mogleg for å skape ein større bu- og arbeidsmarkedsregion. Det er heller ikkje i rapportane som ligg til grunn for dette planarbeidet, gjort ei vurdering av korleis vegløysingane i 45-minuttsregionen (Ytre fjordkryssing) passar inn i ynskje om ein meir rettlinja Kystveg Ålesund – Bergen. Går ein tilbake til stortingsvedtaket om Kyststamvegen på 90-talet vart det bestemt at det er E39 som skal ha "nord-sør"- funksjonen. Om vegane ute på kysten vart det sagt at dei skulle ha gode tilknytningar inn til E39, og meir lokale løysingar mellom sentra.

Planfagleg er det i tillegg vurdert at eit vegalternativ mot Almenningen vil medføre store behov for vegutbetring, vegbygging i strandsona og det er langt fleire grunneigarar som vil verte berørt av vegen. Tilkopling til rv. 15 ved Almenningen er på grunn av tett utbygging frå fjorden og opp i bustadfeltet, vurdert å måtte skje i bakkant av busetnaden. På grunn av høg stigningsgrad på riksvegen i det området, kan påkopling først skje på toppen, der terrenget flatar ut mot krysset til Selje. Det er då kun i underkant av to kilometer til avkøyringsalternativ 2 i planprogrammet. Slik vil eit vegalternativ mot Almenningen likavel bli hefta med den bratte bakken opp Almenningsfjellet, samstundes som det er marginalt å spare i køyretid.

Merknadene knytt til plassering av ferje/brusambandet lengre aust, meiner vi ligg utanfor dette planarbeidet, og høyrer eventuelt heime på overordna nivå som til dømes i regional transportplan (RTP).

KYSTVEGEN ÅLESUND – BERGEN V/STYRET, MERKNAD

DAGSETT 15.5.2012

- Vil påpeike at alternativet mot Almenningen bør utgreiast
- Ser for seg rv.15 i tunnel mellom Almenning og Skavøypollen, som vil fjerne stigninga over Almenningsfjellet og vere til spesielt nytte for tungtrafikken
- Peikar på at det er viktig for Kystvegen å ha mest mogleg rasjonell veg sørover frå ytre Nordfjord. Eit viktig omsyn er at trafikken til/frå Møre finn det nye sambandet tenleg, slik at denne trafikken er med på å finansiere det nye sambandet
- Ønskjer at planprogrammet presiserer at dei to Kystvegane er samanfallande strategiar, ikkje alternativ
- Peikar på at betre samband med Ålesund/søre Sunnmøre er viktig for kystregionen i fylket, og ber om at det kjem sterkare fram i grunngevinga for planen

Kommunal vurdering:

Sjå vurderinga av Naturvernforbundet sitt innspel ovanfor.

Alternativet med utbetring av rv.15, til dømes ved tunnel mellom Almenning og Skavøypollen, ligg utanfor dette planarbeidet, og høyrer eventuelt heime på overordna nivå (RTP).

Dersom det er politisk ønskje om å inkludere i planprogrammet eit alternativ med vegtrasè aust for Almenningfjellet, så vil det vere ei vesentleg endring av det planprogrammet som har ligge ute på offentleg ettersyn. Det vil då vere krav til ny høyring av planprogrammet, noko som vil medføre at det først kan fastsetjast etter sommarferien.

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST, BREV DAGSETT

16.5.2012

- Viser til at Fiskeridirektoratet si interesse hovudsakleg er å ta vare på fiskeri- og akvakulturinteressene i området
- Har ikkje registrert interesser i området for sjølve kryssinga av Nordfjorden
- Næraste interesseområde er
 - o Fiskeområde for makrell, sild og sei i Skorpepollen
 - o Låsettingsplass for sild, sei og brisling i Skorpepollen, aust for Ørnavika på Rugsundøy
- Har ikkje grunnlag for å tru at fjordkryssinga får konsekvensar for områda, men ber om at dei likevel vert teke med i utgreiinga under punkt 7.3.5 Naturressursar
- Viser til akvakulturanlegg, lokalitet 13837 Verpeide aust for Biskjelneset, og ber om at det vert teke kontakt med eigar av anlegget (Marine Harvest Norway AS) under arbeid med ferjekaiane
- Understrekar at ev. dumping av massar frå vegarbeidet ikkje må førekomme i fiskeområde

Kommunal vurdering:

Planprogrammets punkt 7.3.5 Naturressursar bør supplerast med utgreiing av område for fiske og havbruk.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE, BREV DAGSETT

16.5.2012

- Peikar på at fylkeskommunen har starta opp arbeidet med regional transportplan (RTP), og at det vil vere naturleg at kommunane Bremanger og Vågsøy spelar planarbeidet inn til RTP-prosessen
- Opplyser at høyringsfristen for planprogrammet for RTP er 8. juni

Kommunal vurdering:

Kommunane har i forarbeidet til RTP spelt inn at Kystvegen er en viktig strekning å prioritere.

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE, BREV DAGSETT

18.5.2012

Miljøvernavdelinga (MVA) meiner planprogrammet i hovudsak har med relevante utgreiingstema, med følgjande kommentarar:

- Meiner strandsonevernet bør vere eige vurderingstema
- Rår til at INON vert teke inn som vurderingstema
- Rår til at elvar/vassdrag vert teke inn som vurderingstema
- Meiner vegtrafikkstøy bør inn som tema i planarbeidet
- Legg til grunn at vurderingar etter Naturmangfaldslova vert lagt til grunn for planarbeidet

MVA vil ta nærare stilling til konkrete problemstillingar og potensielle konflikhtar i arealdisponeringa i samband med høyring av planframlegg med konsekvensutgreiing.

Landbruksavdelinga meiner at planprogrammet har med dei tema som er viktige å vurdere når det gjeld landbruk og kulturlandskap. Vurderer alternativet med ferjekai på Biskjelneset og tunnel til Djupevika, som det med minst verknader for jordbruk og kulturlandskap.

Beredskapseininga legg til grunn at funn og tilrådingar frå ROS-analysen vert følgde opp og innarbeidde i planen og har følgjande kommentarar:

- Meiner det er viktig at tema for analysen ikkje vert for avgrensa
- Meiner ROS-analysen må vurdere konsekvensen av klimaendringane
- Påpeikar at det må gå tydeleg fram kven som har gjort ROS-analysen
- Understrekar at ei sjekkliste åleine ikkje er å sjå som ein ROS-analyse

Kommunal vurdering:

- *Strandsonevern, INON, elvar/vassdrag og naturmangfaldslova vert lista som vurderingstema under planprogrammets punkt 7.3.3 Naturmiljø*
- *Samfunnskostnader ved støy inngår i prissette konsekvensar og berekning i programmet EFFEKT. Når det gjeld vegtrafikkstøy elles er trafikkgrunnlaget rekna som for lågt til at det er grunnlag for eigne støyutgreiingar. Vurdering av vegtrafikkstøy og ev. behov/grunnlag for eigne støyutrekningar, vert teke inn under planprogrammet punkt 7.3.2 Nærmiljø og friluftsliv.*
- *Klimaendringar vert lista som vurderingstema med særleg fokus i planprogrammets punkt 7.6 Samfunnstryggleik.*

Dei andre merknadane som gjeld ROS meiner vi er dekkja av planprogrammet.

SOGN OG FJORDANE ENERGI, SFE NETT AS. E-POST DAGSETT 21.5.2012

- Ser at nokre av vegalternativa kryssar SFE sitt kraftnett både på regionalnettnivå og på distribusjonsnettnivå
- Har meldt og planlegg konsesjonssøknad på 132 kV kraftleidning frå Svelgen via Bremangerlandet til Deknepollen i Vågsøy. Legg til grunn samarbeid med kommunane
- Vil komme med meir detaljerte innspel når detaljtrase for ny veg skal avklarast
- Kan kontaktast for meir informasjon om nettplanane

Kommunal vurdering:

Innspela om samarbeid vert teke til etterretning.

Ingen endringar i planprogrammet.

MERKNADER FRÅ PRIVATE

OLE ÅSMUND BERNÅS, MERKNAD DAGSETT 14.4.2012

- Meiner at vegen bør leggjast i ein lang tunnel frå Almenningsfjellet (B) til Biskjelneset (2). Alternativet vil då få greie stigningsforhold, små inngrep for natur og naboar, berre to tunnelpåhogg og enkelt vintervedlikehald

Kommunal vurdering:

Alternativet som det her vert peika på er mogleg å vurdere innafor dei rammene som planprogrammet har sett, eventuelt som ein variant av B2.

Sjå elles vurdering av innspela frå Oddvar Angelshaug og Unni og Asle Flatin.

NOTAT FRÅ OPE FOLKEMØTE PÅ KOLSET SKULE 7.5.2012, V/INGER HILDE

Innspel:

- Ynskjer bru i staden for ferje, ikkje framtidsretta med ferje. Betalar gjerne bompengar for bru
- Er sambandet ein no planlegg bra også i høve Kystvegen?
- Kvifor ikkje samband til rv.15 lenger mot Eid; påkopling aust for Almenningsfjellet eller bru lenger aust?
- Biskjelneset best i høve maritime forhold
- Behov for djupvasskaiar, kan leggjast til nordsida av Rugsundøy
- Ynskjer at det blir planlagt for midtdelar

Kommunal vurdering:

Framtidig kryssing av fjorden med bru ligg som føring for planarbeidet, ved at det skal freistast å krysse fjorden der det ligg best til rette (kortast bru/bruspenn). Grunnen som ligg rett nord for vestspissen av Rugsundøy, aust for Risøya, vil korte ned den frie lengda på eit framtidig bruspenn der. Dette vil redusere kostnadane både for brua i seg sjølv, men også ved å kunne knyte seg til vegar som då ligg rett i nærområdet.

Sjå elles kommentar under Naturvernforbundets merknad.

Øvrege innspel/ønsker er registrert.

KOLSET KRINS UTVIKLINGSLAG V/MAGNAR STORØY, BREV DAGSETT 10.5.2012

- Det er viktig for utviklingslaget at kulturlandskap og natur vert skåna
- Ber om at det vert sett på ei løysing der planlagt tunnel på Rugsundøy kjem ut i dagen aust for Hamnen, i tilknytning til eksisterande vegtrase langs Skatestraumen

Kommunal vurdering:

Sjå vurdering av Naturvernforbundet sitt innspel, første avsnitt.

ODDVAR ANGELSHAUG, GRUNNEIGAR GNR. 148, BNR. 1 OG 4 PÅ ANGELSHAUG. BREV DAGSETT 14.5.2012

- Eigedomane er tidlegare gardsbruk, og vert i dag nytta av 3 familiar til fritidsbruk
- Meiner vegtrase på Angelshaug vil vere eit stort inngrep som vil forringe miljø til ferie og rekreasjon, verdi og trivselsfaktor
- Peikar på at strandsona på bnr. 4 er naustområde i kommuneplanen. Meiner planlagde naust vil få forringa verdi av alternativet og miste sikt til bustadhusa pga. veg
- Meiner også annan arealbruk (hytter, garasje) og tilkomst til eigedomen vil verte vanskeleg
- Meiner ein bør velje lengre tunnel for å unngå inngrepa på Angelshaug
- Viser til kulturlandskapsverdiar som vert skjøtta av grunneigar, og krigsminner i området (skildra i eige vedlegg)
- Ber om at eksisterande miljø, busetnad, kulturminne og naust/strandsona på Angelshaug vert bevart gjennom å velje annan trase

Kommunal vurdering:

Ut i frå planprogrammet kan nok vegalternativet gjennom Angelshaug vurderast til å vere det alternativet som har størst påverknad på grunneigarane sitt nærmiljø, med både tunnelmunning, ny veg og kryss med lokalvegen, men dette skal det gjerast godt greie for gjennom arbeidet med konsekvensutgreiinga. Alternativet har elles kortaste tunnelstrekninga, som er antatt å medføre lavast totalkostnad, men er også brattast (4 % stigning).

Sjå også vurdering av innspel frå Unni og Asle Flatin.

UNNI OG ASLE FLATIN, GRUNNEIGARAR GNR. 148, BNR. 10 PÅ ANGELSHAUG. BREV DAGSETT 15.5.2012

- Eigedomen er fritidsbustad og i bruk totalt ca. 2 månader i året, og ligg nær planlagt vegalternativ på Angelshaug.
- Peikar på at ferjeleielokaliseringa omtalt som Biskjelneset eigentleg heiter Temrevikneset/Temrevika
- Meiner ein variant av alternativ 2 – B, med tunnel direkte til Temrevika i staden for via Angelshaug er eit godt alternativ, med rettare linjeføring og slakare stigning enn det framlagte alternativet.
Meiner varianten bør takast inn i planprogrammet som eit 5. alternativ og grunngir dette i 5 punkt:
 - o Ingen inngrep i eksisterande bygder
 - o Strandsona Temrevika – Angelshaug vert bevart
 - o Unngår vanskeleg kryss med lokalveg på Angelshaug
 - o Mindre rasfare (viser til steinsprang som har stengt lokalvegen)
 - o Kortare massetransport ved utfylling i sjø
- Meiner tunnelinnslag ved Temrevika kan justerast slik at alternativ 1 - B i planprogrammet får kortare tunnel
- Meiner støyvurderingar må vere inklusive vurderingar av støy frå tunnelmunningar ved bustad- og fritidsbusetnad. Meiner gjennomsnittsverdiar for støy over døgnet ikkje vil gi riktig bilete av ferjetrafikken
- Peikar på at Angelshaug i dag er tilnærma urørt av støy og trafikk, og at fartsnivået er mykje lågare enn tillaten fart på 80 km/t pga. låg vegstandard, og at dette vil bli vesentleg endra
- Meiner støy i bygdene må inngå i vurderingar av nærmiljø og friluftsliv, og at konsekvensane for småbygdene er mangelfullt skildra i planprogrammet. Ny veg vil verte stor barriere mellom bygd og sjø
- Meiner kulturlandskapet på Angelshaug og i Vemmelsvik har stor verdi og bør takast vare på
- Meiner framtidig brukryssing er for lite omtalt i planprogrammet, og Kystvegen Bergen – Ålesund for lite vektlagt. Meiner planområdet burde vere større når kystvegen Bergen – Ålesund er ein del av målsettinga
- Ber om at alternativ med brukryssing vert omtalt og vurdert som ein del av planarbeidet

Kommunal vurdering:

- *Ferjeleielokaliseringa er omtalt som Biskjelneset i tidlegare utgreiingar, og er kalla Biskjelneset hamn i gjeldande arealdel til kommuneplan. Det er derfor valt å halde på dette namnet, sjølv om det kan vere unøyaktig i vurderinga av lokale forhold.*

- *Det gjeld for alle vegalternativa at dei er å sjå som trasèalternativ, der meir nøyaktig plassering av vegliner, tunnelinnslag og ferjekaier må utgreiast og fastsetjast i det påfølgjande kommunedelplanarbeidet.*
- *Det er vel grunn til å tru at ein variant av 2 – B, som går i tunnel utanom Angelshaug, vil vere eit betre alternativ, og det har også vore drøfta undervegs i arbeidet. Alternativet med vegtrasè via Angelshaug er med hovudsakleg på grunn av at det gir eit alternativ med kortare tunnel, og med det lågare anleggskostnader.*

Dersom politikaane ønskjer å få utgreidd eit alternativ som går utanom Angelshaug, må eit slikt alternativ inn i planprogrammet. Dersom dette skal gjerast utan at det vil bli krav til ny høyring, så må det vere ein vegtrasè som går i tunnel under øvre del av dalen bak Angelshaug, aust for vatnet.

Dersom dette alternativet skal konsekvensutgreiast, må det gjerast vedtak om følgjande tillegg som punkt 6.2.5 i planprogrammet:

- o *Alternativ 2 – b, Almenningsfjellet vest – Biskjelneset, variant lang tunnel. Alternativet må illustrerast på kartet side 29 og skildrast på line med dei andre trasèane.*

Å leggje til ein variant av alternativ 2 – b, er vurdert å ikkje krevje ny høyring, fordi den vegstrekninga som varierer vil gå i fjell og difor ikkje ha nye, vesentlege konsekvensar (nye grunneigarar eller nye konsekvensar for miljø- eller kulturverdiar).

- *Samfunnskostnader ved støy inngår i prissette konsekvensar og berekning i programmet EFFEKT. Når det gjeld vegtrafikkstøy elles har vi rekna trafikkgrunnlaget som for lågt til at det er grunnlag for egne støyutgreiingar. Vurdering av vegtrafikkstøy og ev. behov/grunnlag for egne støyutrekningar vert teke inn under planprogrammets punkt 7.3.2 Nærmiljø og friluftsliv.*
- *Kystvegen Bergen – Ålesund og framtidig brukryssing innafor planområdet er ivaretatt i planprogrammets punkt 7.4 regional utvikling.*

Sjå elles kommentar under Naturvernforbundets merknad når det gjeld det regionale perspektivet.

Kommunal vurdering / konsekvensar

Rådmannen meiner at planprogrammet som har ligge ute på offentleg ettersyn, med dei endringane som er skildra under "Kommunal vurdering", på ein god måte vil ivareta både medverknad og planfaglege avklaringsbehov.

Det er som nemnt i vurderinga av innspela, vurdert at hovudføremålet med denne kommunedelplanen er å leggje til rette for å realisere 45-minuttsregionen, og det å knyte Florø, Svelgen og Måløy tettast mogleg for å skape ein større bu- og arbeidsmarkedsregion. Det er difor på nordsida av fjorden vurdert å ikkje ta inn eit alternativ som knyt seg til rv.15 aust for Almenningsfjellet. Dette er heller ikkje vurdert i rapportane som ligg til grunn for kommunedelplanarbeidet.

Planfagleg er det i tillegg vurdert at eit vegalternativ mot Almenningen vil medføre store behov for vegutbetring og at tilkopling til rv. 15 ved Almenningen på grunn av tett utbygging frå fjorden og opp i bustadfeltet, mest truleg må skje i bakkant av busetnaden. Rett bak den er det høg stigningsgrad på riksvegen og påkopling kan først skje på toppen, der terrenget flatar ut mot

krysset til Selje. Det er då kun i underkant av to kilometer til avkøyringsalternativ 2 i planprogrammet. Slik vil eit vegalternativ mot Almenningen likavel bli hefta med den bratte bakken opp Almennigsfjellet, samstundes som det er marginalt å spare i køyretid.

Konsekvensutgreiinga vil, slik planprogrammet ligg føre i dag, gje politikarane i Vågsøy kommune fire ganske ulike vegtrasèalternativ å velje i mellom. Alternativa vil vere ulike med omsyn til andel veg i dagen/tunnel, om vegbana går gjennom bebygd område eller ikkje, og med omsyn til konsekvensar for natur- og kulturverdiar. Ulik tunnallengde gjev også ulike anleggskostnadar for dei einsskilte alternativa.

Rådmannen rår kommunestyret til å vedta innstillinga slik den er skriven under "Rådmannen si innstilling".

Vedlegg:

Dok.nr
85289

Tittel på vedlegg
Planprogram Kommunedelplan for Ytre fjordkryssing Nordfjorden, datert 14.03.12.pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
9	I	14.04.2012	Ole Åsmund Bernås	Innspel om alternativ trasè - Almenningsfjellet til Biskjelneset
3	I	09.05.2012	Statens vegvesen Region vest	Kommuneplan - Kryssing av ytre Nordfjord - rv. 15 og fv. 616 - Merknad til varsel om planoppstart og høyring planprogram
10	I	14.05.2012	Oddvar Angelshaug	Kommunedelplan for ytre fjordkryssing Nordfjorden. Planoppstart og høring. Innspill til planarbeid
7	I	14.05.2012	Oddvar Angelshaug	Kystvegen og veitrase på Nordsiden av Nordfjord - innspel om Angelshaug
4	I	14.05.2012	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/leiar Hans Christian Hansen	Høyringsfråsegn/Uttale til Planprogram ytre kryssing Nordfjorden
5	I	15.05.2012	Unni og Asle Flatin	Kommunedelplan for kryssing av Ytre Nordfjord - Innspill til høring av forslag til planprogram
6	I	15.05.2012	Styret i Kystvegen Ålesund - Bergen v/Kristin Maurstad	Høyringsuttale planprogram kryssing av ytre Nordfjord
8	I	16.05.2012	Det kongelige fiskeri- og kystdepartement	Vågsøy kommune og Bremanger kommune Sogn og Fjordane - Kommunedelplan for fjordkryssing ytre Nordfjord samband mellom rv15 og fv616 - varsel om planoppstart og høyring av planprogram - uttale
14	I	16.05.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga	Vågsøy og Bremanger kommunar. Varsel om planoppstart og planprogram. Kommunedelplan for kryssing over ytre Nordfjord
11	I	21.05.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Bremanger og Vågsøy kommunar - fråsegn til oppstart av arbeid med kommunedelplan for kryssing av ytre Nordfjord - samband mellom rv 15 og fv 616
12	I	21.05.2012	Marinarkiologi v/Eirik Herdlevær Søyland	Varsel om planoppstart, høyring av planprogram, for kommunedelplan for fjordkryssing ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616,

15	I	21.05.2012	SFE Nett AS v/Reidar Hope	Vågsøy og Bremanger kommunar Varsel om planoppstart, høyring av planprogram, for kommunedelplan for fjordkryssing ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616, Vågsøy og Bremanger kommunar
13	I	21.05.2012	SFE Nett AS	Varsel om planoppstart, høyring av planprogram, for kommunedelplan for fjordkryssing ytre Nordfjord, samband mellom rv 15 og fv 616, Vågsøy og Bremanger kommunar
16	I	22.05.2012	Asplan Viak AS	Innspel og merknadar til planprogram - oppsummering og vurdering
17	U	29.05.2012	Statens vegvesen Region vest	Planprogram ytre fjordkryssing - vegtrasèalternativ aust for Alm.fjellet vurdert tidlegare?
18	I	29.05.2012	Statens vegvesen Region vest	SV: Planprogram ytre fergekryssing - vegtrasèalternativ aust for Alm.fjellet vurdert tidlegare?
19	I	30.05.2012	Asplan Viak AS	Revidert merknadsoppsummering



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	053/12

Endeleg vedtak i:
Planutvalet

Arkivsaknr.:
10/159

Saksansvarleg:
Arne Osvald Åsebø

Mindre endring av friareal til bustadføremål for gbnr. 115/190 - innstilling til vedtak

Rådmannen si innstilling

Planutvalet vedtar, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 12-14 andre ledd, vedlagte reguleringsplan *Reguleringsendring for del av reguleringsplan Skramsfeltet g.nr/b.nr. - 115/190, 141*, datert 31.05.2012, med følgjande tillegg til gjeldande føresegner for *Reguleringsplan for Skramsfeltet (1979)*:

§ 5.1: Gbnr. 115/190 kan ha ei utnyttingsgrad på inntil 30%-TU (tomteutnytting).

§ 7.1: Garasje på gbnr. 115/190 kan ha eit bruksareal på inntil 50m²-BRA og skal plasserast som vist på arealplankartet for *Reguleringsendring for del av reguleringsplan Skramsfeltet g.nr/b.nr. - 115/190, 141*, datert 31.05.2012.

Følgjande revideringar må gjerast på innsendt plankart:
Fjerne reguleringsføremålet "Køyreveg" frå teiknforklaringa.

Vedlagt plandokumentasjon må sendast inn på ny, revidert i samsvar med dette vedtaket og vere i samsvar med Kart- og planforskrifta (2009) §§ 6-10.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-053/12

Vedtak:

Planutvalet vedtar, med heimel i Plan- og bygningslova (2008) § 12-14 andre ledd, vedlagte reguleringsplan *Reguleringsendring for del av reguleringsplan Skramsfeltet g.nr/b.nr. - 115/190, 141*, datert 31.05.2012, med følgjande tillegg til gjeldande føresegner for *Reguleringsplan for Skramsfeltet (1979)*:

§ 5.1: Gbnr. 115/190 kan ha ei utnyttingsgrad på inntil 30%-TU (tomteutnytting).

§ 7.1: Garasje på gbnr. 115/190 kan ha eit bruksareal på inntil 50m²-BRA og skal plasserast som vist på arealplankartet for *Reguleringsendring for del av reguleringsplan Skramsfeltet g.nr/b.nr. - 115/190, 141*, datert 31.05.2012.

Følgjande revideringar må gjerast på innsendt plankart:
Fjerne reguleringsføreområdet "Køyreveg" frå teiknforklaringa.

Vedlagt plandokumentasjon må sendast inn på ny, revidert i samsvar med dette vedtaket og vere i samsvar med Kart- og planforskrifta (2009) §§ 6-10.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova (2008).

Bakgrunn for saka

Initiativ for mindre planendingsprosess mottatt i månadsskifte januar-februar 2011, ved ønskje om oppstartsmøte per telefon. Oppstartsmøte avholdt 11. februar, der det vart avklart at planendinga kan gjennomførast som ein mindre endring av gjeldande reguleringsplan, i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-14.

Saksopplysningar / fakta

Søknad om dispensasjon vart handsame i planutvalet 17.06.10 i sak 036/10. Argumenta for å få innvilga dispensasjon vart der drøfta og vurderte opp i mot vilkåra for å kunne gje dispensasjon i Plan- og bygningslova (2008) §19. Innstillinga frå rådmannen konkluderte negativt, det vil seie at vilkåra ikkje var til stades og at søknaden burde avslåast. Planutvalet diskuterte saka etter først å ha vore på synfaring og avstemmingsresultatet vart at søknaden burde innvilgast. Dette er å betrakte som ei prosessleiande avgjerd og ikkje eit vedtak, og måtte difor på høyring hos Fylkesmannen før endeleg vedtak kan fattast.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane kom med fråsegn den 20.08.10, der dei konkluderte med følgjande:

"Endring av reguleringsføreområde vert rekna som ei vesentleg endring, og må såleis handsamast etter reglane om endring av reguleringsplan, og ikkje som dispensasjon."

Kommunen sendte ønsket om planending på høyring til Fylkesmannen, for å få ein vurdering på om akkurat denne saka kunne handsamast som mindre vesentleg. Svar er motteke frå Fylkesmannen, der han viser til at det kun er opning for handsaming som mindre vesentleg endring dersom endringa kan vurderast som ei grensejustering. Fylkesmannen har elles ikkje avgjerande merknader til planendinga.

Kommunen vurderer det slik at ein søknad om å omregulere alt friområdet inntil gangvegen ikkje er ei grensejustering og må difor handsamast som ny reguleringsplan for det aktuelle området.

Kommunen opnar derimot for, sidan det ikkje ligg føre vesentlege innvendingar til planendinga frå berørte sektormynd, at planendinga gjennom ein planprosess kan bli vurdert som ei mindre vesentleg endring dersom det blir identifisert ei arealmessig løysing som kan vurderast som ei grensejustering mellom bustadarealet og friområdet, og der det vert sett av naudsynt areal til:

- Sideareal til gangvegen
- Siktforhold for fritidsaktivitetane i bakken (bl.a. aking) og i krysset mot kommunal veg
- Vedlikehald av bommen
- Skråning til beplanting mot garasjetomt/mur

Vurdering / konsekvensar

Vedlagte planforslag for ei mindre endring av reguleringsplan Skramsfeltet (1979), har teke omsyn til dei moment (sjå punktliste ovanfor) som kommunen ba om vart ivareteke, og rådmannen meiner planendringa slik den er vist på arealplankartet kan vurderast å vere ei mindre endring i samsvar med krav til dette i Plan- og bygningslova § 12-14.

Rådmannen ber difor planutvalet om å vedta innstillinga slik den er skriven.

Vedlegg:

Dok.nr
90777

Tittel på vedlegg
Planhefte - forslag til me-plan (04.06.12).pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	03.02.2010	Mette og Øyvind Reinen	Gjenpart av nabovarsel
3	I	16.04.2010	Mette og Øyvind Reinen	Søknad om kjøp av tilleggsareal/dispensasjon fra reguleringsplan
4	U	21.06.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Dispensasjonssøknad: Oversendingsbrev om vedtak/avstemmingsresultat i Planutvalet.
5	U	22.06.2010	Mette og Øyvind Reinen	Dispensasjonssøknad - orientering om oversending til Fylkesmannen
6	I	20.07.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Lenging av frist høyring dispensasjonssak kjøp av friareal Gate 654, gbnr. 115/90 i Vågsøy kommune
7	I	24.07.2010	Rådg.ing.Ragnar Hagen AS	Kjøp av friareal gate 6, gbnr. 115/190
8	I	20.08.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Uttale på søknad om dispensasjon for kjøp av friområde på gbnr 115/190 - oppføring av garasje
10	U	09.09.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga; Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Omdisponering av friareal i Måløy. Vurdering av om ei planendring er vesentleg eller mindre vesentleg
11	I	11.10.2010	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vågsøy kommune - omdisponering av friareal i Måløy - vurdering av om ei planendring er vesentleg eller mindre vesentleg
9	U	01.12.2010	Adresseliste	Omdisponering av friareal i Måløy. Vurdering av om ei planendring er vesentleg eller mindre vesentleg
12	U	13.12.2010	Mette og Øyvind Reinen	Orientering jfr. ønskje om kjøp/omregulering av friområde.
13	I	21.03.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til oppstart av privat endring av reguleringsplan gbnr. 115/190
14	I	07.05.2012	Aaland arkitektkontor as	Privat reguleringsendring gbnr. 115/190 m.fl.
15	U	30.05.2012	Aaland arkitektkontor	Mindre reguleringsendring i hht. PBL § 12-14 for gbnr. 115/190, Vågsøy kommune.
17	I	05.06.2012	Aaland arkitektkontor AS	Oversending av revidert plandokumentasjon



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	054/12

Endeleg vedtak i:
Planutvalet

Arkivsaknr.:
12/183

Saksansvarleg:
Arne Osvald Åsebø

Forslag til planstrategi for Eid kommune 2012 - 2016: Uttale frå Vågsøy kommune

Rådmannen si innstilling

Rådmannen ber planutvalet diskutere og eventuelt kome med ei uttale til planstrategien.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Planutvalget hadde ingen merknader til planstrategi for Eid kommune. Vågsøy kommune takket Eid kommune for at en hadde fått muligheten til å komme med innspill til planstrategi for Eid kommune 2012 – 2016.

Votering

Ingen votering.

PU-054/12

Vedtak:

Ingen vedtak.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova (2008)

Bakgrunn for saka

Eid kommune har utarbeidd forslag til planstrategi 2012 - 2016, som no er på høyring (sjå vedlegg).

Fristen er 12. juni, men Vågsøy kommune har fått utsett fristen til 13. juni, og vedtaket vert sendt rett etter møtet.

Saksopplysningar / fakta

Eid kommune har i planstrategien lagt opp til eit interkommunalt samarbeid om kommunedelplan for næringsutvikling (sjå punkt 11.3.4). Dette er truleg det viktigaste for Vågsøy kommune å uttale seg om.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen ber planutvalet diskutere og eventuelt kome med ei uttale til planstrategien.

Vedlegg:

Dok.nr
90719

Tittel på vedlegg
Eid kommune - planstrategi 2012 - 2016 på høyring..pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	24.01.2012	Eid kommune	Oppstart av arbeid med planstrategi 2012 - 2016 - ønske om innspill
2	I	24.05.2012	Eid kommune	Forslag til planstrategi for Eid kommune 2012 - 2016
3	S	05.06.2012	Eid kommune	Forslag til planstrategi for Eid kommune 2012 - 2016: Uttale frå Vågsøy kommune



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	034/12
Planutvalg	13.06.2012	055/12

Endeleg vedtak i:
Planutvalet

Arkivsaknr.:
11/1727

Saksansvarleg:
Odd Gunnar Myhre

Lokal registrering av Kulturminner

Rådmannen si innstilling

Planutvalet set i verk arbeid med kulturminneregistrering i tråd med saksutgreiinga.

12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder Odd Gunnar Myhre orienterte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-034/12

Vedtak:

Planutvalet set i verk arbeid med kulturminneregistrering i tråd med saksutgreiinga.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Planutvalget diskuterte saken. Kommunalsjef Tone Holvik svarte på spørsmål. Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-055/12

Vedtak:

Planutvalet set i verk arbeid med kulturminneregistrering i tråd med saksutgreiinga.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune har ikkje gjennomført registrering av kulturminne og har såleis dårleg oversikt over desse. Vågsøy kommune har no søkt og fått tildelt kroner 100 000 i tilskot frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne. Registreringsarbeidet kan brukast i arbeidet med å lage ei kulturminneplan for Vågsøy.

Saksopplysningar / fakta

I tildelingsbrevet frå riksantikvaren står det lista opp nokre punkt om kva registreringsarbeidet skal føre til:

1. "økt kunnskap og bevissthet om kulturminneverdiane i kommunen"
2. "oversikter over og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap"
3. "at dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte"
4. "betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningsloven"
5. "at det vert utvikla eit godt samarbeid mellom ulike aktørar lokalt"
6. "at samarbeidsmodellane med lokale kunnskapsmiljø er robuste på lang sikt"
7. "politiske vedtak om utarbeiding av kulturminneplanar som kommunedelplanar eller delar av kommuneplanar"

Ein ser føre seg eit samarbeid med lokale eldsjeler, lag og organisasjonar for å få gjennomført registreringsarbeidet. I tildelingsbrevet er det vist til "handbok for lokal registrering" som verkty for registreringsarbeidet.

I søknaden som vart sendt var det skissert opp følgjande framdriftsplan som gjekk frå februar til september. Sidan ein ikkje har fått svar på søknaden før no, må ein justere framdriftsplanen. Ein legg opp til følgjande framdriftsplan for registreringsarbeidet i Vågsøy:

Juni 2012

- knyte til seg lag, organisasjonar, institusjonar og eldsjeler som kan bidra i registreringsarbeidet
- kontakt med andre samarbeidspartar
- opplæring i registreringsarbeid

Juli – september 2012

- registrering av kulturminne

Oktober

- samanfatting av registreringsarbeidet
- kvalitetssikring

November - desember

- ferdigstille registreringsarbeidet i ei oversikt som skal inngå i ei kulturminneplan for Vågsøy

Ein er avhengig av eit godt samarbeid med fylkeskommunen i dette arbeidet

I tildelingsbrevet ber Riksantikvaren om tilbakemelding som skal innehalde aksept på bestillinga.

Vurdering / konsekvensar

Dette er eit forsømt område i Vågsøy. Ein har liten oversikt over kulturminne og ein har lite kompetanse på feltet. No har ein moglegheit til å få gjort registrering av kulturminne og dette arbeidet kan brukast i planarbeid framover. Det er behov for ei kartlegging og eventuelt ei prioritering av kva kulturminne som ein skal ta vare på og leggje til rette. Ein kjem ofte bort i situasjonar der ein har interessekonfliktar mellom til dømes industri/bustadsutbygging og kulturminne.

Rådmannen tilrår at ein startar opp arbeidet med kulturminneregistreringa i tråd med saksutgreiinga.

Vedlegg:

Dok.nr
88285
88284

Tittel på vedlegg

Vågsøy kommune. Registrering og verdsetting av kulturminne, utarbeiding av kulturminneplan..PDF

Følgeskriv

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	06.06.2011	Riksantikvaren	Støtteordning for lokal registrering av kulturminner - 2011 og vidare
3	U	19.12.2011	Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltningen	Søknad om tilskot til lokal registrering av kulturminner
4	I	22.02.2012	Riksantikvaren	11/01017-82 - Søknad om tilskot til lokal registrering av kulturminner
5	I	07.05.2012	Riksantikvaren	11/01017-110 - Vågsøy kommune. Registrering og verdsetting av kulturminne, utarbeiding av kulturminneplan. Tinging av arbeid



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	035/12
Planutvalg	13.06.2012	056/12

Endeleg vedtak i:
Utval for plansaker

Arkivsaknr.:
12/35

Saksansvarleg:
Tone Holvik

Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024

Rådmannen si innstilling

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 5. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentleg ettersyn.

12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik informerte. Kommunalsjef Holvik berømte Oppvekst- og kulturutvalget for arbeidsmøtene de hadde vært igjennom, dette hadde vært med på å gjøre resultatet best mulig. Norconsult har vært leid inn av kommunen for å se på den fremtidige strukturen. Kommunalsjef Holvik presiserte at dette var et 1. generasjonsarbeid og bar preg av dette. Kommunedelplanen er et redskap og må brukes aktivt. Kvaliteten på den enkelte skolen er veldig varierende.

Rådgiver kommuneplan Janne Midtbø orienterte om bakgrunnsfakta av planarbeidet og handlingsplanen.

Tonje Eide Kristiansen og Harald Høgd fra Norconsult presenterte grundig den fremtidige strukturen.

Kommunalsjef Tone Holvik mente Oppvekst- og kulturutvalget skulle gå for rådmannens innstilling og bruke høringstida til å diskutere alternativa.

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte rådmannen si innstilling. Utvalget fremmet følgende endringsforslag:

” Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 12. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentleg ettersyn”.

Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og Oppvekst- og kulturutvalgets endringsforslag. Oppvekst- og kulturutvalgets endringsforslag ble enstemmig vedtatt.

OK-035/12

Vedtak:

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 12. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentlig ettersyn.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik og plankonsulent Janne Midtbø orienterte og svarte på spørsmål fra Planutvalget. Spørsmål fra Planutvalget ble også besvart av rådmann Svanhild Mosebakken.

Deler av Planutvalget mente høringsfristen var for kort. Planutvalget ønskte bedre kvalitetssikring av økonomiske kalkyler før utsendelse til høring.

Det ble diskutert utsettelse av høringsfrist eller ikke.

AP, V, FrP, Bryggjalista, KrF og SP fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

"Planutvalget utsetter høring av Kommunedelplan Oppvekst i Vågsøy kommune i påvente av kvalitetssikring av "økonomiske kalkyler og skisseprosjekt for ungdomsskule."

Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens forslag og endringsforslaget fra partiene AP, V, FrP, Bryggjalista, KrF og SP. Endringsforslaget fra de 6 partiene ble vedtatt mot 2 stemmer.

PU-056/12

Vedtak:

Planutvalget utsetter høring av Kommunedelplan Oppvekst i Vågsøy kommune i påvente av kvalitetssikring av "økonomiske kalkyler og skisseprosjekt for ungdomsskule.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Barnehagelov med forskrifter

Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen

Formålsparagraf for barnehagen 2010

Opplæringslova med forskrifter

Læreplanverket

Forskrift om Miljøretta Helsevern i barnehage og skule

St. meld. 18 (2010–2011)Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov

St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet

St.meld. nr. 16 (2006-2007) ".....og ingen stod igjen"

St. meld. nr. 31 (2007-2008) "Kvalitet i skolen"

St. meld. nr. 41 (2008-2009) "Kvalitet i barnehagen"

St. meld. nr. (2009-2010) "Tid til læring" (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport

NOU 2009:18 "Rettt til læring" (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)

NOU 2009:22 "Det du gjør, gjør det helt" (Betre samordning av tenester for utsette barn)

NOU 2010:7 "Mangfold og mestring" (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringsssystemet.)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse og omsorgstenestelova)

Kulturlova

Lov om barnevernsteneste

Lov om folkebibliotek

Plan- og bygningslov (pbl)

Kommuneplan 2002-2014

Planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen 2012-2024

Handlingsprogrammet 2012-2015

Kommunedelplan for helse og omsorg, 2012-2024

Planprogram for Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Vågsøy har vedteke å starte opp arbeidet med kommunedelplan for skule. Gjennom handlingsprogrammet er dette endra til at ein skal utarbeide Kommunedelplan for skule og barnehage, kvalitet og struktur. For å kunne lage ein kommunedelplan som omhandlar kvalitet for skule og barnehage må støttfunksjonane inkluderast. Det er difor valt å gje planen eit meir dekkande namn, Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy.

Planprogram for kommunedelplan oppvekst 2012 - 2024 er lagt til grunn for arbeidet med planen.

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til plan som i tråd med pbl § 11-14 vert lagt fram for utval for plansaker med framlegg til vedtak om å leggje planen ut til offentleg ettersyn.

Etter høyringsperioden vert planen lagt fram for kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar / fakta

For første gong er det utarbeidd kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune. Arbeidet har vert lagt opp som prosjekt, med brei deltaking frå alle involverte grupper. Hovudprosjektgruppa har hatt jamlege arbeidsmøter og oppvekst- og kulturutvalet har løypande fylgt planprosessen gjennom arbeidsmøter.

Planen er bygd opp med ein hovuddel med visjon, målsettingar, tilrådd handlingsprogram og tilrådd framtidig struktur.

Visjonen for oppvekstsektoren i Vågsøy er **Glade menneske som meistrar**. Visjonen gir oss alle eit felles ansvar for at vi meistrar og er glade, anten vi er barn, ungdom, føreset, medborgar, lag- og organisasjon eller tilsett.

Planen fastlegg 8 hovudmål for å nå visjonen og møte dei utfordringane vi står ovanfor

- Vi er gode på kommunikasjon og læring
- Vi har ein felles pedagogisk plattform for ein einskapleg oppvekst
- Vi er ein lærande organisasjon med god leiing
- Vi er bevisste og reflekterte vaksne
- Vi har barn og føresette som medverkar
- Vi ser den einskilde og tek tidleg tak i situasjonar
- Vi arbeider tverrfagleg og har eit livsløpsperspektiv
- Vi tek vare på kvarandre i eit godt psykososialt miljø
- Vi har glade, kreative, fysiske aktive og utforskande menneske
- Vi har gode bygg og anlegg som fremjar meistring og glede

I handlingsplanen er det lagt inn tiltak for å nå desse målsettingane. Det går tydeleg fram at dette handlar om å gjere dei rette grepa og sette i gang dei rette utviklingsprosjekta. Kostnaden knytt til handlingsprogrammet er i all hovudsak knytt til behov for spesialisert kompetanse inn i prosjekt som er prioritert, og er i snitt om lag 300.000 årleg i ein 4-årsperiode.

Det er presentert 3 moglege nye alternativ for skuledrift i kommunen i tillegg til eksisterande struktur, med løysingar innafor barneskuledrift ved ein, to, tre og fem barneskular. I alle alternativ er det ein felles ungdomsskule i kommunen. For barnehagane er det presentert 3 alternativ med alle eksisterande barnehagar, vidare utbygging av to barnehagar eller ein ny stor barnehage.

Barnehagealternativa heng saman med val av skulestruktur.

Vurderinga av barnehage- og skulestruktur viser at det er høve for å redusere driftsnivået i kommunen samtidig som ein kan tilby barna betre fysiske læringsmiljø.

Alternativa med ein ny barneskule gir størst reduksjon i høve til reduksjon i driftsutgifter.

Alternativet med to barneskular er noko dyrare. Begge alternativ vil gje elevane i kommunen gode fysiske læringstilhøve, men det er færre elevar som får skuleskyss i alternativ 2 enn i alternativ 1. Norconsult sin tilråding er at alternativ 1 eller 2 vert vurdert som likeverdige i høve til framtidig skulestruktur.

Det vert elles vist til vedlagt dokument for innhaldet i planen.

Del 2 Vedlegg til kommunedelplanen beskriv eksisterande oppvekstsektor, framtidige strukturmodellar og viser bakgrunnen for å peike på utfordringar knytt til tidleg innsats, kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering, heilskapleg innsats og psykososialt miljø. Norconsult har utarbeidd kapittelet om struktur i framtida. Det vert elles vist til vedlegget for detaljar innhaldet.

Vurdering / konsekvensar

Kommunedelplan for oppvekst gir eit godt bilete på utfordringar vi har for den framtidige oppvekstsektoren. I handlingsprogrammet er det i den komande 4-årsperioden lagt inn mange utviklingstiltak for å sikre ein god kvalitet. Kostnadane knytt til desse tiltaka er i hovudsak innanfor den eksisterande drifta.

For å sikre ein kvalitativ god skule er det fysiske læringsmiljøet og ein viktig faktor. I dag har vi ein struktur som uavhengig av evt. val for framtidig struktur vil gje oss kostnader knytt til universell utforming for alle barnehagane og skulane, investeringar i etterslep i vedlikehald på bygga og kostnader knytt til eit tilfredstillande fysisk læringsmiljø som i det vesentlege er knytt til Skram skule og ungdomsskulen.

I framlegg til alternative modellar for ny struktur har Norconsult tilrådd to likestilte alternativ med ein eller to nye barneskular.

Ein barneskule i Måløy og ein barneskule i Skavøypoll vil gje to høveleg store barneskular og langt fleire som kan gå til skulen. Skulane vil vere viktige for lokalsamfunna og begge vil ha betre tilknytning til Måløy sentrum enn ein felles barneskule på t.d. Tennebø. Ved dette alternativet vil skuledrift av barneskulane vere uavhengig av stenging av Måløybrua. Måløybrua har dei seinare åra vert oftare stengt og det er ikkje noko som tyder på at dette vert mindre. Alternativet har høgare driftsutgifter, behov for skyss til basseng og behov for å ha idrettsdel på begge skulane. Dette er eit godt alternativ som både tek omsyn til sikkerheit, møteplassfunksjonen ein skule har og folkehelse fordi mange får gå til skulen.

I planprosessen har det kome fram at eit moment for ein barneskule er at det vert enklare for alle lokalsamfunna å akseptere ein strukturendring som slår likt ut for alle. Dette er det alternativet som gir størst årleg innsparing i drift sett opp mot alternativet med å behalde den strukturen vi har i dag. (Omlag 7 millionar dersom skulen vert bygd utan idrettsdel på Tennebø.) Alternativet med ein stor skule plassert på Tennebø, for å få økonomisk utteljing i forhold til skyssorganisering/kostnader, sambruk av Nordfjordhallen og symjeanlegg og ei meir kostnadseffektiv skuledrift, vil ha nokre konsekvensar som det er viktig at ein tek politisk stilling til.

Eit viktig faktor for utvikling og vekst av kommunen er trivsel og omdømme. Det er viktig at barna og ungdommane i kommunen har ein god oppvekst, føler tilhøyre og har vekst opp med gode møteplassar og aktivitetar. Eit levande sentrum, med møteplassar og aktivitetar, er viktig for ungdommen. Ei samlokalisering av både skule og idrett vil etter kvart føre med seg at andre kulturfunksjonar og fritidsaktivitetar som t.d. folkebibliotek, kulturskule og kino vert flytta til Tennebø området.

Rådmannen rår til at ein nyttar høyringsprosessen til å ta stilling til om ein vil vedta ein ny skulestruktur der ein legg størst vekt på økonomiske argument eller ein struktur der samfunnsverdiar vert tillagt ein høg verdi ved endeleg avgjerd.

Dei to alternativa vert sidestilt:

1. Ein ny barneskule, ein ny eller rehabilitert ungdomsskule og utviding av barnehagane i Holvik og Skavøypoll.
2. Ein ny barneskule i Måløy og utviding av Skavøypoll skule, ein ny eller rehabilitert ungdomsskule og utviding av barnehagane i Holvik og Skavøypoll.

Kommunen er i dag i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Framlegg til investeringar og drift for å sikre ein likeverdig kvalitet i oppvekstsektoren vil gje store utfordringar framover.

Kommunedelplanen synleggjer at uansett val av framtidig løysing for oppvekstsektoren vil det vere absolutt naudsynt for Vågsøy kommune å gjennomføre omfattande investeringar innan sektoren i dei komande åra. For å klarlegge alle forhold rundt korleis kommunen skal takle det framtidige drifts- og investeringsbehovet må det gjerast grundige vurderingar av den samla økonomien til kommunen. Under er nokre moment knytt til ei slik vurdering nemnt.

Av frie fondsmidlar pr i dag har Vågsøy kommune har omlag 8 mnok på disposisjonsfond i drift og omlag 15 mnok på ubundne investeringsfond. Dette er midlar som bør vere ein buffer for utfordringar i drift, og til mindre investeringar. Det er difor ikkje ønskjeleg å nytte desse midlane til dei store investeringane innan oppvekstsektoren.

For å skaffe investeringsmidlar kan ein vurdere sal av mest mogleg kommunal eigedom, som ikkje er absolutt naudsynt for framtidig tenesteproduksjon. Potensialet her må utgreiast nærare. Sal av eigedomar/bygg som ikkje er ein del av den framtidige strukturen vil og gje inntekter.

Av unytta inntekter har kommunen moglegheit til å auke eigedomsskatten frå 4 promille i dag til 7 promille i løpet av 2 år. Dette vil gje ei årleg auka inntekt i frå år 2 på omlag 9 mnok.

Sjølv om tenesteproduksjonen i Vågsøy kommune i hovudsak blir vurdert til å vere effektiv kan det vere potensiale for å frigjere midlar gjennom justert organisering/effektivisering. Potensialet her må ugreiast nærare.

I løpet av høyringsperioden for kommunedelplanen vil det bli gjort nærare utgreiingar av korleis kommunen skal takle det framtidige drifts- og investeringsbehovet. Denne prosessen vil gå vidare inn i arbeidet med budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016 i haust.

Vedlegg:

Dok.nr
90803
90804

Tittel på vedlegg
Kommunedelplan Oppvekst, framlegg til offentleg ettersyn.pdf
Kommunedelplan Oppvekst del 2 vedlegg.pdf



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	
Kommunestyre	20.06.2012	

Endeleg vedtak i:
Kommunestyret

Arkivsaknr.:
12/303

Saksansvarleg:
Arne Osvald Åsebø

Utbyggingsavtale - vedtak om bruk, og kommunale retningslinjer

Rådmannen si innstilling

- Med heimel i Plan- og bygningslov av 27.6.2008 nr. 71, kapittel 17 vedtek Vågsøy kommunestyre at heile kommunen vert omfatta av rett til å krevje utbyggingsavtalar når føresetnader for avtaleinngåing elles er tilstade.
- Ved alle typar utbyggingar i heile Vågsøy kommune, skal i utgangspunktet kommunalteknisk infrastruktur, med naudsynte tilknytningar og samankoplingar til eksisterande infrastruktur kostast av utbygger.
- Utbyggingsavtale skal inngåast før igangsettingsløyve vert gitt. I hovudsak vil utbyggingsavtale etter behov kunne omfatte følgjande tiltak:
 - Teknisk og grøn infrastruktur som m.a. veg, vatn og avløp; parkering, turløyper, gang- og sykkelveg; friområde, leikeareal, grøntstruktur samt tilliggande tiltak for at infrastrukturen skal fungere.
 - Bustadsosiale tiltak og utforming av bygningar:
 - Fordeling av bustadtypar og storleik på leilegheiter og sikring av minstestorleik.
 - Krav til utforming som går lenger enn det som kan vedtakast i plan, (livsløpsstandard, krav til universell utforming, tilpassing til ulike brukargrupper, krav til kvalitet, krav til energieffektivitet mm).
 - Forkjepsrett for del av bustadane til marknadspris (kommunen eller andre).
 - Andre tiltak som er naudsynte for gjennomføring av planvedtak:
 - Spesielle infrastrukturtiltak som følgjer av den konkrete utbygginga.
 - Miljø- og kulturtiltak.
 - Organisatoriske tiltak.
 - Utbyggingstakt.

Ved vurdering av utbygger sin finansiering av "Andre tiltak som er naudsynte" og som utbygger skal stå for, vert prinsippet om forholdsmessig del lagt til grunn. Utbygging skal ikkje finansiere anna enn den forholdsmessige delen som utbygginga inneberer i forhold til omgjevnadane.
- Utbyggingsavtaler vert inngått innanfor rammer av:
 - Kommuneplanen, kommunedelplanar og/eller reguleringsplan
 - Handlingsprogram, økonomiplan og sektorplanar
- Framlegg til retningslinjer for privat utbygging med utbyggingsavtaler, datert 07.06.2012, vert godkjent.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Rådmann Svanhild Mosebakken orienterte om saken og svarte på spørsmål fra Planutvalget. Plankonsulent Janne Midtbø svarte også på spørsmål.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-057/12

Vedtak:

1. Med heimel i Plan- og bygningslov av 27.6.2008 nr. 71, kapittel 17 vedtek Vågsøy kommunestyre at heile kommunen vert omfatta av rett til å krevje utbyggingsavtalar når føresetnader for avtaleinngåing elles er tilstade.
2. Ved alle typar utbyggingar i heile Vågsøy kommune, skal i utgangspunktet kommunalteknisk infrastruktur, med naudsynte tilknytningar og samankoplingar til eksisterande infrastruktur kostast av utbygger.
3. Utbyggingsavtale skal inngåast før igangsettingsløyve vert gitt. I hovudsak vil utbyggingsavtale etter behov kunne omfatte følgjande tiltak:
 - a. Teknisk og grøn infrastruktur som m.a. veg, vatn og avløp; parkering, turløyper, gang- og sykkelveg; friområde, leikeareal, grøntstruktur samt tilliggande tiltak for at infrastrukturen skal fungere.
 - b. Bustadsosiale tiltak og utforming av bygningar:
 - Fordeling av bustadtypar og storleik på leilegheiter og sikring av minstestorleik.
 - Krav til utforming som går lenger enn det som kan vedtakast i plan, (livsløpsstandard, krav til universell utforming, tilpassing til ulike brukargrupper, krav til kvalitet, krav til energieffektivitet mm).
 - Forkjørsrett for del av bustadane til marknadspris (kommunen eller andre).
 - c. Andre tiltak som er naudsynte for gjennomføring av planvedtak:
 - Spesielle infrastrukturtiltak som følgjer av den konkrete utbygginga.
 - Miljø- og kulturtiltak.
 - Organisatoriske tiltak.
 - Utbyggingstakt.

Ved vurdering av utbygger sin finansiering av "Andre tiltak som er naudsynte" og som utbygger skal stå for, vert prinsippet om forholdsmessig del lagt til grunn. Utbygging skal ikkje finansiere anna enn den forholdsmessige delen som utbygginga inneberer i forhold til omgjevnadane.
4. Utbyggingsavtaler vert inngått innanfor rammer av:
 - a. Kommuneplanen, kommunedelplanar og/eller reguleringsplan
 - b. Handlingsprogram, økonomiplan og sektorplanar
5. Framlegg til retningslinjer for privat utbygging med utbyggingsavtaler, datert 07.06.2012, vert godkjent.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova, PBL (2008), kapittel 17 og 18.

Veileder utbyggingsavtaler, utgitt av Kommunal og regionaldepartementet mai 2006

Vedlegg 2 til Veileder utbyggingsavtaler, utgitt av Kommunal og regionaldepartementet 7. juni 2007

Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune har trong for privat utbygging av bustadfelt i kommunen. I første omgang er det eit ønskje om å få starta opp utbygging av Amonda i Måløy og Vågen på Kulen.

Høve til å inngå utbyggingsavtaler, og kva innhald desse kan ha, er klart regulert i PBL kapittel 17. Rettleiar og vedlegg til rettleiar for utbyggingsavtalar er lagt ved til orientering.

Før kommunen kan starte forhandlingar om utbyggingsavtale må det ligge føre eit vedtak som seier i kva tilfeller utbyggingsavtale er ein føresetnad for utbygging og som synleggjer kommunen sine forventningar til avtalen. Rådmannen fremjar i denne saka framlegg til slikt vedtak.

Saksopplysningar / fakta

Vedlagt rettleiar gir ei god innføring i kva utbyggingsavtalar kan innehalde, korleis dei kan nyttast i den kommunale utbyggingspolitikken og handsamingsreglar for avtaleinngåing. Vedlagt vedlegg 2 gir ei oversikt over gjeldande regelverk for utbyggingsavtalar og kva innhald ein avtale bør ha. Forholdet til reglane om offentlege kjøp og mva er og omtalt.

For kommunen vil utbyggingsavtale vere eit verkemiddel for å sikre at utbygging skjer i samsvar med intensjonane i kommunen sin utbyggingspolitikk.

Viktige rammer for dei nye lovreglane:

- Utbyggingsavtaler må forankrast i kommunestyrevedtak – jfr. sitert lovtekst.
- Avtalen regulerer utbygging og gjennomføring av arealplan
- Utbyggingsavtaler kan omfatte teknisk infrastruktur og grøntområde, bustadpolitiske tiltak og andre tiltak som er naudsynte for gjennomføring av den konkrete arealplanen.
- Kommunane kan ikkje inngå bindande utbyggingsavtale før arealplan for det aktuelle området er vedteken.

Det er to hovudkriterium for kor vidt ei avtale fell inn under reglane for utbyggingsavtaler:

- Avtala føreset ei bestemt løysing for innhaldet eller gjennomføringa av ein kommunal arealplan, og/eller
- avtalen føreset bidrag for å gjennomføre krav sett i kommunal arealplan.

Utbyggingsavtale kan anten forhandlast fram parallelt med planarbeidet, når planforslag har vore ute til høyring og offentlig ettersyn, eller i samband med byggesak.

Utbyggingsavtale kan gjelde intensjonen med prosjektet, prosjektet som heilskap eller detaljar i gjennomføringa. Utbyggingsavtalar vert i hovudsak nytta ved utbygging av bustadområde, men vert og nytta for hytte- og næringsområde.

Det som elles kjenneteiknar utbyggingsavtalar er at kommunen brukar si rolle som planmyndigheit etter Plan- og bygningslova som grunnlag for avtala. Dette kan skje i kombinasjon med økonomiske eller andre forpliktingar/ bidrag frå kommunen si side, men det førekjem også at eit planvedtak er kommunen sin einaste del av avtalen. Utbyggjar på si side forpliktar seg til å gjennomføre eller koste tiltak som kommunen elles har ansvar for. I mange tilfelle vert det inngått avtale som seier at utbyggjar står føre utbygging av veg, vatn og avlaup (VVA), i samsvar med kommunen sine spesifikasjonar, og kommunen overtek desse vederlagsfritt til eige, drift og vedlikehald.

Kommunen sitt vedtak skal seie noko om i kva tilfelle ein utbyggingsavtale er vilkår for utbygging, og kva forventingar kommunen har til ei slik avtale. Aktuelle tema er:

- Kva deler av kommunen skal eit vedtak omfatte.
- Oversyn over dokument som legg føringar i høve til utbygging av kommunale tenester.
- Hovudprinsipp for kostnadsfordeling ved utbygging.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen legg fram vedtak om å ta i bruk utbyggingsavtaler, og framlegg til retningslinjer.

Jf Plan- og bygningslova § 17-2 andre avsnitt er det lagt til rette for medverknad av grupper og interesser som vert vurdert å kunne bli råka. Kommunalt ønskje om å gjere vedtak om bruk av utbyggingsavtaler vart deretter varsla i Fjordanes Tidende 2. april og brev vart tilsendt grupper/interesser som vart vurdert å kunne verte råka, med frist for innspel/medverknad til 23. april. Det er ikkje kome innspel vedtak og retningslinjer for utbyggingsavtalar.

Retningslinene slår fast at utbyggingsavtaler kan nyttast i heile kommunen og at det er utbygger som skal koste all intern infrastruktur for området som vert omfatta av avtalen. I tillegg skal utbygger dekke ekstern infrastruktur for området. Eksterne tiltak som utbygger kostar skal stå i eit rimeleg forhold til omfanget av utbygginga. Punkt 6 i retningslinene omfattar alt som § 17 i PBL gir heimel til å omfatte. Ved utarbeiding av einskildavtalar vil dette avgrense seg til det som naturleg høver for området. Det er gitt ei konkret opplisting av kva som skal inngå i avtalen og kva som bør vurderast å inngå.

Rådmannen vil utarbeide ein mal for utbyggingsavtaler som er i tråd med rettleiar frå KRD, kommunalt vedtak og retningsliner for utbyggingsavtaler som skal nyttast ved avtaleforhandlingar.

Det vert med dette gjort framlegg om å gjere vedtak om bruk av utbyggingsavtale, og å vedta retningslinene som ligg ved.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
90982	Retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar.docx
82830	Utbyggingsavtale - vedtak om bruk og retningsliner
82931	Vegleiar utbyggingsavtalar - KRD (2006).pdf
90985	vedlegg_2_til_veileder_om_utbyggingsavtalar_juni_2007.pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	29.03.2012	Fjordenes Tidende Norges Handikapforbund Nord Vest; Forum for natur og friluftsliv; Sogn og Fjordane Naturvernforbund;	AnnONSE: bestilling til avisa mandag 2. april.
5	U	13.04.2012	Jan Helge Oksholen; CN=Dagny Paris/O=Vaagsoy_kommune@Vaagsoy_kommune; Sondre Nerland; Ytre Nordfjord Turlag	Varsel om kommunalt ønskje om bruk av utbyggingsavtaler ved utbyggjing av bustadfelt - høve til innspel



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.06.2012	

Endelig vedtak i:
Planutvalg

Arkivsaknr.:
12/918

Saksansvarlig:
Per Christian Nielsen

Tiltak bnr. 113/52 og gbnr. 113/54 - Skatepark under Måløybrua

Rådmannens innstilling

Planutvalget gir midlertidig dispensasjon til bruk av kommunalt areal under Måløybrua v/ Barmen & Lund til opparbeiding av skatepark etter innsendt søknad og situasjonsplan. Tillatelsen gjelder for ett år regnet fra 1. juli 2012. Se forøvrig saksutredning, spesielt under Vurdering / konsekvenser.

13.06.2012 Planutvalg

Møtebehandling:

Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-058/12

Vedtak:

Planutvalget gir midlertidig dispensasjon til bruk av kommunalt areal under Måløybrua v/ Barmen & Lund til opparbeiding av skatepark etter innsendt søknad og situasjonsplan. Tillatelsen gjelder for ett år regnet fra 1. juli 2012. Se forøvrig saksutredning, spesielt under Vurdering / konsekvenser.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslov.
Teknisk forskrift og saksforskrift
Godkjent reguleringsplan for Sæterneset

Bakgrunn for saken

Oppvekst og Kulturutvalget i kommunen har søkt muligheten for å opparbeide en skatepark for ungdom i kommunen.

Saksopplysninger / fakta

Arealet som er tenkt benyttet ligger delvis under Måløybrua ved Barmen & Lund. Arealet er i dag et parkeringsareal og benyttes jevnlig, men spesielt ved begrovelser.

Kommunen har mottatt 2 naboprotester.

Den ene går i alt vesentlig på parkeringsforhold, og anser at en skatepark vil forverre situasjonen i området. Dahl Eiendom AS klager og over at det til tider parkeres på hans private område grunnet mangel på plasser i området.

Den andre klagen går mer på støyforhold, og ungdommens behov for "å bli hørt". Dessuten gir høye lyder god gjenklang som forsterkes i brua. Klagerne er og bekymret for at rampen plasseres i umiddelbar nærhet til et sterkt trafikkert veikryss som ungdommen oppholder seg ved. Farlige situasjoner kan lett oppstå

Kirkevergen i Vågsøy kommune har tatt saken opp i Vågsøy Sokneråd. De har ingen innvending til at kommunen gir tillatelse til den omsøkte parken.

Statens Vegvesen har og hatt saken til uttalelse. Utgangspunktet er at Vegvesenet gir tillatelse til bruk som omsøkt, men de stiller 4 vilkår.

1. Er det behov for areal for vedlikehold av bru eller andre installasjoner, må skateparken flyttes.
2. Det er ikke grunnlag for å kreve erstatning fra Statens Vegvesen for skader på parken grunnet nedfall fra brua.
3. Det gis ikke tillatelse til å montere installasjoner på fundament eller pillarer til brua
4. Dersom aktiviteten medfører større ulemper for trafikkavviklingen eller drift av vei, må parken flyttes. eller fjernes uten kostnader for Statens Vegvesen.

Vurdering / konsekvenser

Kommunen har diskutert søknaden, og tross innsigelser / nabomerknader kommet til den konklusjon at vi skal gi ungdommen et positivt svar på ønsket om å lage til en skatepark under brua ved Barmen & Lund som omsøkt.

Kommunen har tro på at ungdommen vil vise ansvar å ikke bidra til at uheldige eller farlige situasjoner oppstår selv om parken ligger i umiddelbar nærhet til et trafikkert veikryss.

Kommunen vil allikevel se situasjonen an, å gir derfor tilsagn i første omgang for et år regnet fra 1. juli 2012.

Det vil være riktig å signalisere til søkerne / ungdommen å se på alternativ plassering i fall flytting skulle bli en realitet, f. eks på veien ut mot Øyna er det et areal som burde egne seg godt.

Det innstilles på å gi tillatelse til oppføring av skatepark som omsøkt, dog for et år i første omgang.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	09.05.2012	Statens vegvesen Region vest	Søknad om tiltak gbnr. 113/52 og gbnr.113/54- Skatepark under Måløybrua - kopi av brev til ordfører
2	U	23.05.2012	Statens vegvesen Region vest; Ole Steffen Lofnes; Vågsøy kommune v/Kirkevergen;	Kvittering for utsendt nabovarsel

Magne Olav Frekhaug;
Barmen og Lund AS;
Dahl Eiendom;
Inger C. Strand
Kvalheim;
Jan Harald Sunde;
Vågsøy kommune
v/Eiendomsavdelingen;
Måløy Industristrøm AS

3	I	03.06.2012	Inger Christine Strand Kvalheim	Merknad til planlagt bygging av skaterampe
4	I	06.06.2012	Helge Dahl	Nabovarsen - Spiralen
5	I	11.06.2012	Stein Robert Osdal	Skaterampe - Måløy

